

Det er viktig at du les informasjonen på side 2 i skjemaet.

Hugs å sende inn ein søknad om stipend og lån på Dine sider på www.lanekassen.no, dersom du ikkje har gjort det.

1 Personlege opplysningar

Etternamn	Fornamn og mellomnamn	
Nasjonalitet/statsborgarskap	Fødselsnummer (11 siffer)	
Adresse (i Noreg)	Postnummer	Poststad

2 Lærestad og skolepengar

Namn på lærestaden	Studieretning/klasse	
Skolepengar per år (i den valutaen du betaler skolepengane)	Oppgi valuta	Får du støtte frå andre til betaling av skolepengar? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (legg ved stadfesting som viser beløpet)

3 Underskrifta til søkjaren

Eg stadfester at dei opplysningane som er gitt i søknaden, er rette.

Stad/dato	Underskrift
-----------	-------------

4 Underskrifta til foreldre/føresette (for søkjar under 18 år)

Eg/vi stadfester at dei opplysningane som er gitt i søknaden, er rette.

Stad/dato	Underskrift
-----------	-------------

5 Stadfesting frå skolen i Noreg (sjå også informasjon på side 2)

Skolar i utlandet skal ikkje fylle ut punkt 5. I staden skal søkjaren leggje ved ei stadfesting frå skolen i utlandet som viser kor mykje han/ho betaler i skolepengar.

Vi stadfester at søkjaren er elev og betaler skolepengar som oppført i punkt 2.

Stempel og underskrift

Skjemaet sender du til **Lånekassen, Postboks 450 Alnabru, 0614 Oslo**

Stipend til delvis dekning av skolepengar

For elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar

Er du elev ved ein utanlandsk eller internasjonal vidaregåande skole i Noreg eller i utlandet, kan du få stipend til delvis dekning av skolepengane. Vilkåret er at du tek utdanning som gir rett til støtte frå Lånekassen, og at skolepengane ikkje er dekte av andre. Tek du ei utdanning ved ein skole som får statstilskott frå Noreg, for eksempel ein av dei norske skolane i Spania, kan du likevel ikkje få stipend til skolepengar.

Dette stipendet går berre til å dekkje skolepengar, det vil seie studieavgift og andre obligatoriske avgifter i samband med undervisninga. Andre utgifter, som for eksempel programavgifta til ein utvekslingsorganisasjon, blir ikkje rekna som skolepengar.

Så mykje kan du få

Støtta blir gitt med 85 prosent av dei faktiske skolepengane, men er avgrensa til 94 817 kroner for skoleåret 2019–2020.

Det blir berre gitt stipend til skolepengar som du faktisk betaler. Dersom du får dekt heile eller ein del av utgiftene til skolepengar av andre, må du leggje ved ei stadfesting som viser kor stort beløp du får dekt. Får du skolepengane fullt ut dekt av andre, har du ikkje rett til dette stipendet. Får du skolepengane delvis dekt av andre, kan du få mellomlegget.

Stipendet blir utbetalt saman med den første utbetalinga til kontoen din kvart halvår.

Les om vilkåra for dette stipendet i kapittel 42 i forskrifta om utdanningsstøtte på www.lanekassen.no/forskrifter.

Stadfesting frå skolen i punkt 5

Dersom du er elev ved ein internasjonal skole i Noreg, skal skolen stadfeste skolepengebeløpet i punkt 5. Søknaden leverer du på skolen.

Dersom du er elev ved ein utanlandsk skole, må du leggje ved dokumentasjon frå skolen som viser kor mykje du skal betale i skolepengar. Det er ikkje nødvendig at du får stadfesting frå skolen i punkt 5.

Hugs å søkje om vanleg støtte i tillegg

Du kan få dette stipendet berre dersom du tek utdanning som gir rett til vanleg støtte (stipend og eventuelt lån) frå Lånekassen. For at Lånekassen skal kunne vurdere stipend til delvis dekning av skolepengar, må du derfor sende inn ein nettsøknad om stipend og lån, dersom du ikkje allereie har søkt. I tillegg må du fylle ut og sende inn dette skjemaet. Du kan lese meir om støtte til vidaregåande opplæring i utlandet på www.lanekassen.no/vg-utland_nn.

Søknadsfristar

Fristen for å søkje om vanleg stipend og lån er 15. november 2019 for hausten og 15. mars 2020 for våren. P-skjemaet må vere komme inn til Lånekassen før støtteperioden for skoleåret 2019–2020 er avslutta.

Behandling av personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn.